

Til Årsmøte i Sogn og Fjordane Ungdomslag

Revisjonsmelding 2019


Eg har revidert rekneskapen for Sogn og Fjordane ungdomslag for år 2018. Rekneskapen består driftsrekneskap, balanse og prosjektrekneskap for lagsdrifta, Jol i Sogn. Rekneskapen viser eit samla underskot på kr 41 730,32. Lagsdrifta inklusiv «Huset i Bygda» har eit underskot på kr 96 202,82.

Rekneskapen er framlagd av styre i Sogn og Fjordane Ungdomslag. Eg har ikkje revidert eventuelle rekneskapstal i årsmeldinga. Mi oppgåve er å uttale meg om årsrekneskapen og andre forhold i samsvar med vedtekter for Sogn og Fjordane Ungdomslag.

Eg har utført revisjonen i samsvar med god revisjonsskikk. God revisjonsskikk krev at eg planlegg og utfører revisjonen for å oppnå tilfredsstillande tryggleik for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon. Revisjonen omfattar kontroll av utvalde deler av materialet som underbyggjer informasjonen i årsrekneskapen, vurdering av dei brukte rekneskapsprinsipp, og vurdering av innhaldet og presentasjonen av årsrekneskapen. I den grad det følgjer av lov, forskrifter og god revisjonsskikk omfattar revisjon også ein gjennomgang av ungdomslaget sin økonomiforvaltning og den interne administrative kontroll. Eg meiner at vår revisjon gjev eit forsvarleg grunnlag for vår uttale.

Eg meiner at årsrekneskapen er avlagt i samsvar med vedtekter for Sogn og Fjordane ungdomslag og gir eit rett uttrykk for ungdomslaget si økonomiske stilling pr 31. desember 2019, og for resultatet i rekneskapsåret som er avslutta pr denne dato.

Nessane 2. mars 2020



Ingvar Linde
Revisor